

Til kommunar i Sunnfjord vassområde

Dato

SANDANE, 23.10.2019

Innspel til tiltaksprogram 2022 - 2027

Viser til brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune datert 16.09.2019 (18/2116 – 17) *Utarbeiding av Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022 -2027 – framdriftsplan og forventa innsats*. I brevet blir kommunane orientert om oppgåva dei har med å skissere tiltak for å betre miljøtilstanden for dei påverknadar dei er ansvarleg for, dvs. har verkemidlar til å gjennomføre sjølv, påleggje, eller stimulere andre til å gjennomføre.

Alle kommunar har ein rett og plikt til å delta i arbeidet med ny vassforvaltningsplan og tiltaksprogram, derunder skissere tiltak innanfor sine ansvarsområde, jf. pl. b. lova § 8 – 3.

Frist for å koma med innspel er 1.1.2020.

Vassområdekoordinator vil ta opp med kvar enkelt kommune om kva for vassførekomstar og påverknadar dei er ansvarleg for å skissere tiltak for t.d. innanfor avløp, landbruk, avfallsplasser etc. Dette går også fram i databasen Vann-Nett. Nokre av problemstillingane vil vere godt kjende for kommunen og noko det har blitt arbeida med gjennom vassforskriftsarbeidet i inneverande planperiode, mens andre problemstillingar kan vere mindre kjende.

Som antyda i tidlegare kontakt ønskjer vassområdekoordinator å invitere til arbeidsmøte med kommunen for å gå gjennom ovannemnde. Målsetjinga er at kommunen vel tiltak som vassområdekoordinator kan registrere i Vann-Nett. I utgangspunktet er det anbefalt at fagpersonar innan avløp, landbruk, ureining og plan stillar på eit slikt møte. I starten av møtet blir det gjeve ein gjennomgang om hovudutfordringar innan vassmiljø i kommunen. Det er ønskjeleg at rådmann og/eller etatsleiarar deltek på denne. Det blir lagt opp til felles møte for kommunane som blir slått saman til Sunnfjord kommune, etter ønske frå landbrukskontora.

Vassområdekoordinator vil i løpet av kort tid ta kontakt med administrativ kontaktperson i kommunen for å avtale dato for møtet.

Med helsing

Staffan Hjøhlman
Vassområdekoordinator for vassområda Nordfjord og Sunnfjord

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakarar

Askvoll kommune Postboks 174 6988 ASKVOLL
Flora kommune Postboks 264 6900 FLORØ
Fjaler kommune Dalstunet 20 6963 DALE I SUNNFJORD
Gaular kommune Vadheimsvegen 15 6973 SANDE I SUNNFJORD
Naustdal kommune Tunavegen 6 6817 NAUSTDAL
Førde kommune Postboks 338 6802 FØRDE
Jølster kommune 6843 SKEI I JØLSTER

Kopi til:

Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ Merete Farstad
Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ Endre Høgalmen